

## Vedlegg: Sakshandsaming tilskot gjennom NMSK-ordninga 2022

### NMSK-tilskot til skogkultur

Ordninga gir alle søkerar det enkelte år same rett til tilskot med mindre det er gjort særskilte unntak i NMSK-strategien. Tilskot til skogkultur kan anten bli løyvd og utbetalt fortløpende etter kvart som tiltaka blir godkjende, eller kommunen kan vente med løyving og utbetaling til kommunen har oversikt over total søknadsmengde og tilskotsbehov det enkelte året.

Søknaden kan fyllast inn av skogeigar i Altinn eller på papirskjema fastsett for føremålet. Søknadsbehandling skjer i ØKS. Den enkelte skogeigar og skogansvarleg i kommunen har tilgang til søknaden. Søknaden registrerast digitalt og skogansvarleg vurderer, godkjener og tilviser tilskotet. Kommunen må laste opp og ta vare på søknaden med underskrift, dokumentasjon på utført arbeid og plantekjøp m.m. i ØKS.

Om kommunen har for lite tilskotsmidlar det enkelte år kan dette løysast på tre måtar:

1. Statsforvaltaren omfordeler tilskotsmidlar mellom kommunane.
2. Kommunen held att søknaden og fører den på neste år.
3. Kommunen fordeler tilskotsmidlane likt til alle søkerar ved å jamt over redusere tilskotssatsen.

### NMSK-tilskot til vegbygging og drift

Frå 1. januar 2020 har kommunane ansvaret for forvaltinga av tilskot til skogsvegar og taubane o.a., og gjere vedtak og utbetale tilskot i desse sakene. *Felles overordna retningsliner for tilskot til skogsvegar og taubane o.a.* er styrande for prioritering av tilskot og saksbehandling.

Me minner om at byggjeplan skal godkjennast av kommunane før ein går i gong med vegbygginga. Krav til planlegging og innhald i byggjeplan går fram av søknadsskjema om tilskot til vegbygging.

Det er heldt att ei ramme regionalt som går til tildeling gjennom året til veg-prosjekter som ikkje er teke høgde for i starten av året. Denne potten skal også gå til taubanedrifter og driftstilskot. Taubane-/driftstilskot vil difor ikkje bli belasta tildelte rammer til kommunane, men løyvast og utbetalast samtidig i ØKS etter kvart som driftene er avslutta. I praksis vil det bety at me overfører tilskotet frå fylkesramma til kommunane for løyving og utbetaling etter kvart som driftene avsluttast.

### Sakshandsaming i ØKS

Landbruksdirektoratet sitt «Økonomisystem for skogordningen» (ØKS) er utgangspunkt for søknadsbehandlinga. ØKS har ein eigen rettleiar som du finn til høgre i menyen når du loggar deg på (figur 1). I tillegg er det eigne rettleiingssider når du er inne i ØKS under fana «Hjelp», og der det er blant anna videoar som viser ulike arbeidsoppgåver i ØKS (figur 2).

Kommunane og skogeigarane finn søknadsskjema i elektronisk eller papirformat på nettsidene til Landbruksdirektoratet under «Ordninger for skogbruk».

<https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/skogbruk/ordninger-for-skogbruk>

Mine tjenester

## Elektroniske tjenester

Leveransedatabasen

Lib

Lreg

Soner - distriktsstønad

Øks

## Økonomisystem for Skogordningene

Regnskaps-, anvisnings- og statistikkssystem for skogfond og tilskuddsordningene i skogbruket

[Gå til fagsystemet](#)

Dokumenter

[Brukermanual - ØKS](#)

Figur 1: Påloggingsbildet i ØKS. Brukermanualen kan lastast ned til høgre i bildet.

## Økonomisystem for skogordningene

Startside Virkesdata Skogfond Tilskudd Skogbruksplan Veier Kontroll Rapporter Vedlikehold **Hjelp**

Opplevelser  
Om ØKS

### Velkommen til ØKS

Kommune: 1100 - ROGALAND

### Viktige meldinger/frister:

Meldinger fra Statsforvalteren

Dato	Melding	Rediger

Meldinger fra LDIR

Dato	Melding	

Figur 2: Du finn eigne rettleiingssider under fana Hjelp.